

Gledens gjerde er fullført

Både oppdragsgjever og kunstnar er fornøgde

Med unntak av at gåso i Nåso skal målast kvit og fonna i Mannen monterast er det sensasjonelle gjerdet som Ove Stokka har laga mellom Rabben og Spar no fullført.

Konklusjonen er at Uskedalen har fått eit nytt kunstverk og vi tillet oss spontant å døypa det Gledens gjerde. Rett nok vart det i starten drøfta mann og mann imellom og til og med på facebook, men no er alle fulle av ros til trekunstnaren frå Utåker.



Englafjell og Mannen framfor Englafjell og Mannen

Her er impregnert furu frå Frøland Sag i Vats nytta til eit særst godt føremål og kunstnaren har gjort jobben på 60 timar. Han har levert kunstnarlege produkt til Uskedalen før, men aldri maken til dette.



Gåso i Nåsø skal målast kvit

Verket er skapt meir eller mindre på sparket slik Stokka har for vane, men Reidar har nok hatt eit og anna ord med i laget. Konturane av Nâso, Englafjell og Mannen er døme på det.



[Magne Huglen?](#)


Men kva så med figurane som også prydar og set ein spiss på gjerdet?



Åse Neset?

Også dei har kunstnaren teke på sparket, men no i ettertid er ikkje Reidar i tvil om kven dei forestillar!

Her finn ein Magne Huglen i startstilling den gongen han gjekk på skeiser, Kristian Olav Bringedal med glorie over hovudet, oppdragsgjevaren sjølv med stikk, Åse Neset på veg til fjells med lette steg og oppdragsgjevaren si kone som signaliserar full kontroll med solid hoftefeste.



Kristian Olav?

Både Reidar og Ellen er svært fornøgd med gjerdet og det samme er SPAR-leiinga representert ved Bente og Gunn Mari. Utruleg og fantastisk er ord dei alle nyttar men Gunn Mari legg diplomatisk til at 'det viktigaste er at naboen er fornøgd'
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen